

# Årsmelding 2015



## VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit frittståande, oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet er organisert som stifting og vart etablert 6. mars 1985. Instituttet er lokalisert i [Sogndal](#) på Campus Fosshaugane og har 26 tilsette og ein årsumsetnad på 23 mill kroner i 2015.

### Grunnleggande ide

Vestlandsforskning er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med regional forankring. Vår visjon er kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

### Verdigrunnlag

Vestlandsforskning skal utføre kritisk og uavhengig forskning. Openheit er ein føresetnad i vår kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Høg kvalitet skal kjennemerke alle delar av vår verksemd.

### Mål

Vestlandsforskning skal levere kunnskapsbidrag av høg kvalitet som bidreg til auka innsikt, nytenking og utvikling både i politikktutforming, forvaltning og verdiskaping. Vestlandsforskning skal delta i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og vere ein aktiv aktør i utvikling på Vestlandet.

### Oppdrag

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert institutt og utfører forskning og utviklingsarbeid på oppdrag for næringsliv, offentleg sektor, Norges Forskningsråd, EU og Det Europeiske Forskningsorganet (ERA). Oppdraga omfattar regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt.

### Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

### Regionalt kunnskapsknutepunkt


Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjør eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 230 fagstillingar. Tilsette ved Høgskulen deltek òg i Vestlandsforskning sine prosjekt og ein samarbeider tett på felles fagområde.

### Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir nytta til fagleg utvikling, doktorgradsarbeid og kvalitetssikring. Ved etableringa i 1985 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kroner.

### Organisering

Vestlandsforskning blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, Norges Forskningsråd oppnemner eitt medlem. Direktøren er dagleg leiar for instituttet. Forskningsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiarar.



## FORSKINGSOMRÅDA

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i samfunnsfag og innsikt i tekniske- og økonomiske fag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper.

### INFORMASJONSTEKNOLOGI

- Innovasjon og entreprenørskap
- Digitalisering i offentlig sektor
- Semantiske teknologiar og stordata (Big data)

### KLIMA OG MILJØ

- Klimatilpassing
- Transport og energi
- Industriell økologi

### REISELIV

- Opplevingsturisme
- Digitalisering i reiselivet
- Berekraftig reiseliv

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal  
Telefon 906 33 600  
E-post: [post@vestforsk.no](mailto:post@vestforsk.no) - Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

# Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

## Oppdrag

Det vart arbeidd med 58 prosjekt i 2015. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik:

| Prosjektstorleik (totalt) | Tal prosjekt | Del av omsetninga i 2015 |
|---------------------------|--------------|--------------------------|
| 0-500                     | 31           | 18%                      |
| 501-2000                  | 17           | 42%                      |
| 2001-5000                 | 8            | 29%                      |
| <5000                     | 2            | 11%                      |

Mange av forskingsarbeida går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

## Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2015 var på om lag 23 mill. kroner. Grunnløyving frå Noregs Forskingsråd utgjorde 17% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 4% av inntektene, medan 79% var oppdragsinntekter.

Oppdraga deler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde (i prosent):

|                    | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|--------------------|------|------|------|------|
| EU/utland          | 20   | 14   | 6    | 3    |
| Forskingsråd/RFF   | 21   | 20   | 19   | 27   |
| Kommune/fk.kom     | 36   | 37   | 38   | 38   |
| Statsforvaltninga  | 14   | 15   | 19   | 20   |
| Næringsliv og org. | 9    | 14   | 18   | 12   |

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

## Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 19 av prosjekta ved instituttet i 2015. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til større verksemdar i landet.

I 14 av prosjekta under arbeid i 2015 var kommunar frå alle deler av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvkommune.

## Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet består av kunnskapssamarbeid av ulike slag, med næringslivet ved enkeltbedrifter og samanslutningar som NCE Tourism, NHO, LO og andre organisasjonar. Andre viktige samarbeidspartnarar i regionen er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg, Helse Førde, DIFI, KS, enkeltkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Samarbeidet har mange former, som t.d. bilateralt samarbeid med enkeltbedrifter eller samarbeid med ei gruppe bedrifter i ein bransje, samt at vi har kunnskapssamarbeid på tvers av private bedrifter og offentlege verksemdar. Forskingsrådet sitt VRI program har karakter av partnerskap, der partane i arbeidslivet og enkeltbedrifter saman med verkemiddelapparat og forskingsmiljø samarbeider om forskning og innovasjon i regionen.

Regionalt Forskingsfond Vestlandet (RFF-V) har også i 2015 vore sentral for utvikling og finansiering av forskingsprosjekt på regionalt relevante tema, samt for stimulering av regionalt samarbeid mellom forskingsmiljø og mellom forskingsmiljø og private og offentlege verksemdar. Fylkeskommunen og RFF-V er viktig aktør for utvikling av Vestlandsforskning si regionale rolle.

Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor oppdragsgjevarar i regionen.

# Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

## Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning vektlegg internasjonalt arbeid. I 2015 var 13 av prosjekta eit samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Forskarar frå instituttet heldt 18 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 12 land i 2015.

## Publisering, formidling og informasjon

Ein av forskarane er medforfattar av ei bok og er redaktør for ei anna. Begge bøkene er utgitt på vitenskapleg forlag. To doktorgradsavhandlingar er publisert. I tillegg er det publisert 31 vitenskaplege artiklar i bøker/tidsskrift med referee. Det er gitt ut 16 VF-rapportar og notat i 2015. Forskarane har halde 75 foredrag, inkl. framlagde paper og foredrag utgitt i konferanserapportar. I tillegg er det publisert 2 artiklar i fagtidsskrift, 26 kronikkar/innlegg i ulike media. Vestlandsforskning var arrangør/medarrangør av 12 heildagskonferansar og i tillegg er det arrangert kortare seminar om ulike tema.

| Publisering                              | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|--|------|------|------|------|
| Vitenskaplege artiklar/bøker med referee | 31   | 22   | 24   | 23   |
| VF publikasjonar                         | 16   | 23   | 17   | 21   |
| Foredrag/undervisning/paper              | 75   | 57   | 56   | 48   |
| Artiklar i bøker/tidsskrift              | 2    | 5    | 4    | 5    |

## Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført 23,1 årsverk ved instituttet i 2015. Ved utgangen av året hadde instituttet 25 tilsette, 22 forskarar og 3 administrativt tilsette.

Ved utgangen av 2015 var det 9 tilsette med hovudstilling ved instituttet med doktorgrad – av desse tre med professorkompetanse - og tre som arbeider med doktorgrad. Ei bistilling er knytt til instituttet. Vestlandsforskning legg vekt på å auke andelen forskarar med PhD ved instituttet og legg til rette for at forskarar kan ta PhD ved instituttet.

Det var utført 20,1 forskarårsverk ved instituttet i 2015. Kvinner utgjer 25% av forskarstaben. Samla i instituttet utgjer kvinner 35% av staben.

Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieleiv på ein god måte.

Det er i 2015 gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

## Miljøfyrtårnbedrift

Vestlandsforskning har i fleire år har ein arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet på prioriterte område i drifta. På kontorsida er tiltak som tosidig utskrift, miljøvennleg innkjøp, energisparing, avfallssortering mm innført. Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet, og blitt møtt m.a. med auka bruk av videokonferansar.

Vestlandsforskning skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartar. Bruken av videokonferansar og streaming av større møte er tatt i bruk for å redusere reiseaktiviteten ved Vestlandsforskning og våre samarbeidspartar, og vi arbeider for å auke bruken av slike løysingar. I 2015 blei det gjennomført ca. 150 videokonferansar ved Vestlandsforskning.

## Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

### Oversikt – Flyreiser

|   |         | 2015    | 2014    | 2013    | 2012    |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Tal reiser pr år                                  | Utland  | 112     | 79      | 129     | 86      |
|   | Innland | 220     | 244     | 230     | 188     |
| Tal reiser pr årsverk pr år                       | Utland  | 4,7     | 3,4     | 5,4     | 3,8     |
|   | Innland | 9,5     | 10,5    | 9,7     | 9,9     |
| Flyreise km pr årsverk                            | Utland  | 8897    | 4950    | 8248    | 4 325   |
|   | Innland | 2478    | 3627    | 2638    | 2 220   |
| <b>Totalt utslepp CO<sub>2</sub> ekvivalentar</b> |         | 48 tonn | 38 tonn | 47 tonn | 31 tonn |

### Strategi 2011-2015

Vestlandsforskning rullerte i 2015 strategiane for utviklinga av instituttet i perioden 2011-2015. Strategien er delt i tematiske og funksjonelle faglege strategiar, samt interne strategiar:

- Vestlandsforskning skal utvikle berekraftig reiseliv innan 2015 til eit forskingsområde der vi skal vere med i den internasjonale forskingsfronten og der vi skal bli leiande nasjonalt og vere synlege internasjonalt.
- Faglege utvikling for øvrig skal skje ved forsterking av og knoppskyting frå hovudområda IT, reiseliv og klima - miljø, basert på tverrfagleg og kritisk tilnærming
- Vestlandsforskning skal vere i forskingsfronten nasjonalt og ha stor internasjonal aktivitet
- Arbeidet i VF skal medverke til eit godt kunnskapsgrunnlag for samfunns- og næringsutvikling regionalt og nasjonalt
  - Instituttet skal utføre forskning som er relevant for Vestlandet
  - Instituttet skal vere synleg og relevant nasjonalt
- Vestlandsforskning skal vere ein uavhengig og attraktiv samarbeidspart med ein tydeleg plass i forskingsstrukturane
- Vestlandsforskning skal vere eit økonomisk robust forskingsinstitutt
- Vestlandsforskning skal leve opp til instituttet sine verdiar og grunnleggjande idé.

Strategiane er vidare konkretiserte og periodiserte og er styrande for årleg budsjettprioriteringar og skal vere gjenkjenneleg i alle deler av verksemda.

## STYRE OG LEIING

### STYRET

#### Styremedlemer til 01.06.2015

Knut M. Olsen, styreleiar  
Trude Brosvik, nestleiar  
Oddgeir Osland  
Anne Grete Bruvoll  
Yngve Hallén  
Halvor Dannevig

#### Varamedlemer

Sigurd Kvikne  
Olaug Hana Nesheim  
Anne Kristin Hjelle Jordal  
Georg Arnestad  
Karen Marie Hjelmesæter  
Benedicte Carlsen  
Eivind Brendehaug

#### Nytt styre frå 01.06.2015

Trude Brosvik, styreleiar  
Nils P. Støyva, nestleiar  
Oddgeir Osland  
Yngve Hallén  
Solveig Willis  
Arve Sandal  
Halvor Dannevig

#### Varamedlemer

Sigurd Reksnes  
Marit Tennø  
Svein Ove Slinde  
Erik Kyrkjebø  
Olaug Hana Nesheim  
Benedicte Carlsen (personleg vara for O. Osland)  
Eivind Brendehaug (personleg vara for H. Dannevig)

#### Dagleg leiing

Direktør Merete Lunde  
Kontorleiar Bjørg Haukereid

#### Miljøgruppa

Forskingsleiar Carlo Aall  
Gruppeleiar Geoffrey Gilpin til 01.05.2015  
Hans Jakob Walnum frå 01.05.2015

#### IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte  
Gruppeleiar Svein Ølnes

## PERSONALE

Rajendra Akerkar, forskar  
Otto Andersen, forskar  
Baltruszewicz, Marta, forskar  
Eivind Brendehaug, forskar  
Hilde Corneliussen, forskar til 01.08.15  
Halvor Dannevig, forskar  
Deborah Davies, forskar  
Carol Azungi Dralega, forskar, permisjon  
Agnes Brudvik Engeset, forskar  
Guttorm Flatabø, forskar  
Geoffrey Gilpin, forskar til 01.08.2015  
Kyrre Groven, forskar  
Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar  
Stefan Gössling, forskingskoordinator  
Bjørg Haukereid, kontorleiar  
Jon Hille, forskar, prosjektengasjert til 01.07.15  
Idun A. Husabø, forskar  
Bård Huseby, forskar  
Torunn Gauteplass Hønsi, forskar frå 18.08.15  
Øyvind Heimset Larsen, forskar  
Merete Lunde, direktør  
Karen Richardsen Moberg, forskar frå 18.08.15  
Lin Prøitz, forskar  
Morten Simonsen, forskar, permisjon  
Ingjerd Skogseid, forskar, permisjon  
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonsmedarbeidar  
Torkjel Kristiansen Solbraa, forskar  
Hans Jakob Walnum, forskar  
Svein Ølnes, forskar  
Carlo Aall, forskingsleiar



## Styret si vurdering

Vestlandsforskning er eit av dei samfunnsfaglege institutta i Norge og vi er lokaliserte i Sogndal i Sogn og Fjordane. Vi er eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den internasjonale FoU-arenaen og leverer kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling. Vi formidlar kunnskap og arbeider for at ny kunnskap vert teken i bruk. God vitskapleg publisering og langsiktig kompetansebygging er avgjerande for instituttet si kvalitetsutvikling og konkurranseevne. Instituttet hadde i 2015 ein årssomsetnad på om lag 23 mill kroner, og det er utført 23,1 årsverk ved instituttet, av desse 20,1 forskarårsverk. Tre tilsette har professorkompetanse, ni personar har doktorgrad og tre tilsette er i doktorgradsutdanning.

Instituttet har ein tverrfagleg profil, og forskingsområde er klima og miljø, reiseliv og IT. Instituttet har lange tradisjonar med internasjonalt forskingssamarbeid, i tillegg til regionale og nasjonale forskingsoppdrag. Vestlandsforskning held til ved Fosshaugane Campus i Sogndal i Sogn og Fjordane, lokalisert i eit aktivt og innovativt miljø med både forskning, utdanning, idrett og entreprenørskap.

## 30-årsjubileum

Vestlandsforskning markerte 30-årsjubiléet med eit seminar i 2015. Både samarbeidspartnarar, beslutningstakarar, forskarar og andre med interesse for forskning, til saman over 60 personar, var samla i Sogndal.

## Klima og miljø

I 2015 har det vore gjennomført to disputasar for PhD-graden ved Vestlandsforskning i Sogndal, begge i samarbeid med Aalborgs Universitet i Danmark som den gradsgivande institusjonen. Avhandlingane har teke for seg 1) korleis negative miljøkonsekvensar kan oppstå gjennom «forskyvingseffektar» knytt til transport; i omgrepet «forskyvingseffektar» ligg det at miljøproblema blir flytta over på andre område, og 2) vilkåra for at tilpassing til klimaendringar har blitt eit forvalting- og politikkområde på lokalt og regionalt nivå i Norge.

Vi har over fleire år etablert eit godt samarbeid med nasjonale, regionale og lokale styresmakter. I 2015 er det etablert eit formelt samarbeid på klimaområdet i regi av fylkeskommunen i Sogn og Fjordane med deltaking frå følgjande institusjonar: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, KS Sogn og Fjordane, Statens Vegvesen (både nasjonalt og Region Vest), Innovasjon Norge Sogn og Fjordane, NVE avd. Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Vestlandsforskning. Samarbeidet har ført til etablering av ei rekke forskings- og utviklingsprosjekt, fagleg dialog om pågåande planprosessar i dei ulike deltakande institusjonane og gjennomføring av større seminar. Vi har også eit nært fagleg samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si beredskapsavdeling på dette området. Samarbeidet er i form av felles seminardeltaking, utgreiingsarbeid og samarbeid om prosjektutvikling.

Gjennom fleire av klimaprojekta er det etter kvart etablert eit godt samarbeid med HiSF. I 2015 har Vestlandsforskning delteke i ei utgreiing ved HiSF om landets første masterutdanning i klimaplanlegging, med planlagt oppstart hausten 2016..

I 2015 nådde vi målet om fleire langsiktige forskingsrådsfinansierte prosjekt på klima- og miljøområdet; prosjekt med oppstart i 2016. Vidare har vi i 2015 fått gjennomslag i EU-samanheng på klimatilpassingsområdet gjennom fire EØS-prosjekt. To prosjekt i Romania, det eine saman med KS og det andre saman med Folkehelseinstituttet der vi i begge prosjekta bidreg med eit omfattande skuleringsopplegg av lokal og statleg forvalting; eit mindre omfattande og tilsvarande prosjekt for Ungarn og eit mindre prosjekt avgrensa til vassressursforvalting i Portugal.

Det har i 2015 vore arbeidd med bokprosjektet "Rethinking Climate and Energy Policies. New Perspectives on the Rebound Phenomenon" med redaktørar ved Vestlandsforskning. Boka vil bli gitt ut i 2016 på Springer forlag og har bidragsytarar frå 8 land og totalt 18 forfattarar. Boka blir dermed eit viktig grunnlag for eit internasjonalt nettverk og framtidige søknader om internasjonal samarbeidsprosjekt.

Fem EØS-prosjekt vart avslutta i 2015. Vår aktivitet i prosjekta er hovudsakeleg livsløpsanalysar av ny teknologi. Eit EØS-prosjekt som starta opp i 2015, har mål om å auke kunnskapen hjå regionale styresmakter i Romania om kjemikalletoksisitet for å redusere helse- og miljøskader frå kjemikaliar og ureining.

Vestlandsforskning er godt profilert på klimakompetanse nasjonalt også i 2015. Særleg fekk KS-prosjektet *Førebygge eller reparere etter naturskadehendning* god merksemd i media.

## Reiseliv

Instituttet har hatt ei strategisk satsing på reiseliv over fleire år. Omfanget av reiselivsforskinga er på eit tilfredsstillande og høgt nivå, og det er etablert eit nært og konstruktivt samarbeid med HiSF. Strategien har



vore å 1) praksisorienterte forskinga og 2) kunnskapsorienterte næringa og den offentlege forvaltninga, og på den måten få nytte av og skape verdiar av ny kunnskap generert frå forskingsaktivitetar.

I 2015 har vi arbeidd med oppstart av det langsiktige strategiske forskingsprogrammet for innovasjon og verdiskaping i reiselivet i Sogn og Fjordane. Målet med det femårige programmet er å utvikle eit forskingsmiljø og utdanningstilbod ved Vestlandsforskning og HiSF på internasjonalt nivå, der fagmiljøet er eit konkurransefortrinn for reiselivet i Sogn og Fjordane.

Vestlandsforskning har etablert seg som eit nasjonalt kompetansemiljø på Vestlandet for forskning knytt til reiseliv, særleg gjennom NCE Tourism, samstundes som vi har lagt inn mykje ressursar på å halde oppe vår nasjonale og internasjonale posisjon som eit nasjonalt og internasjonalt anerkjent forskingsmiljø på berekraftig reiseliv.

Prosjektet *Samspel for berekraftig reiseliv* som starta opp i 2013 vart avslutta i 2015. I prosjektet har det vore ein internasjonal kunnskapsgjennomgang, gjennomgang av historiske case og pågåande utviklingscase og det har vore ein tett dialog med brukargrupper, og det er utvikla ny kunnskap om vilkår for å integrere målet om eit berekraftig reiseliv i ulike sektor-politikkområde som landbruk, samferdsle, energi og naturvern.

Vi har hatt to gjesteforskarar; Daniel Scott, University Research Chair in Climate and Society, Canada, og Peter Varley frå University of Highlands and Islands i Skottland. Sistnemde er tilsett i ei fellesstilling mellom Vestlandsforskning, HiSF og Bratt Moro, og er eit direkte resultat av *Adventure*-konferansen som vart arrangert i Sogndal hausten 2014. Det vart gjennomført ein vellukka studietur til Skottland våren 2015.

### Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er ei strategisk satsing for å vidareføre og vidareutvikle områda IT og helse. Det har vist seg å vere eit stort behov hjå kommunane for meir kompetanse i arbeidet med å utvikle og integrere nye løysingar for velferdsteknologi. Velferdsteknologi er særleg viktig for at eldre personar kan bu lenger heime, men det er også viktig i kommunale pleie- og omsorgsbustader og for yngre personar med særlege behov. I tillegg til interesse og behov i kommunane har området også eit stort potensial for næringsutvikling, og Vestlandsforskning har fleire aktivitetar for å utvikle dette potensialet saman med regionalt næringsliv i Sogn og Fjordane. Den fylkesomfattande satsinga på velferdsteknologi starta i 2014, og alle kommunane i fylket er no med i ulike roller i prosjektet. Velferdsteknologi er også ei satsing i IT-forum Sogn og Fjordane. Prosjektet har alt gitt resultat i form av nye nettverk og samarbeid med regionale aktørar.

I 2015 starta vi opp eit internasjonalt prosjekt som omhandlar innovasjon i offentleg sektor. Prosjektet skal studere dette i seks ulike regionar i Irland, Storbritannia, Island, Sverige, Finland og Norge i 2015 - 2018. Vestlandsforskning skal studere innovasjon i samband med velferdsteknologi og e-helse i Sogn og Fjordane. Prosjektet er eit resultat av initiativ frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sommaren 2014 om samarbeid om internasjonale FoU-prosjekt. Forskingsprosjektet gir utveksling av kunnskap over landegrensar og skal gi nyttig ny kunnskap for å auke innovasjonstakta i offentleg sektor.

### Innovasjon

Vi deltek i arbeidet med forskingsbasert innovasjon; der forskingsresultata utgjer grunnlaget for eller forbetrar kvaliteten på praksisendringane. Vi deltek også som forskarar inn i innovasjonsprosessar med forskarmedverknad, ved å fange opp og kvalitetssikre ekstern kunnskap og idéar, løyse problem og støtte beslutningar, dokumentere effektar og risiko, spreie kunnskap, utnytte internasjonale nettverk og kompetanse for endring. Vi forskar også på sjølve innovasjonssystema gjennom deltaking i Forskningsrådet sine VRI forskarprosjekt.

Regionalt næringsliv og offentlege aktørar i fylket er viktige samarbeidspartnarar og oppdragsgivarar for instituttet.

### IT-forum Sogn og Fjordane

IT-forum Sogn og Fjordane er ein viktig arena for nettverk, strategiutvikling og prosjektsamarbeid med regionale styresmakter, kommunar, næringsliv og andre organisasjonar i fylket. Vestlandsforskning har også i år hatt sekretariatet i IT-samarbeidet som feira 20-årsjubileum i 2015. IT-forum har også i 2015 gjort ein god jobb med å skaffe midlar til breibandutbygging i fylket.

### IT

Prosjektet «*Smartare rapportering*», finansiert frå Regionalt forskingsfond Vestlandet, starta opp i 2015. Førde kommune ønskjer saman med Flora, Eid og Sogndal å utvikla smartare og meir effektive rapporteringsløysingar. Ideen som ligg til grunn for innovasjonen, er å publisera rapporteringsdata som opne

data, klare for gjenbruk. Det inneber ei stor nyvinning i måten å rapportera på, og ideen er at informasjonsforvaltning skal liggja til grunn for kommunen sitt arbeid og sikre større eigarskap og gjenbruk av data.

På IT-området har vi i 2015 gjennomført eit forprosjekt (mobiliseringsprosjekt) der vi har undersøkt behov og interesse for ei næringsretta IT-utdanning i fylket. Prosjektet har klart å mobilisera breitt med samling og intervju av over 30 IT-bedrifter og 12 offentlege verksemder. Det er registrert stor interesse for etablering av ei IT-utdanning i næringslivet og prosjektet vert vidareført i eit toårig hovudprosjekt med start i 2016. Målsetjinga er etablering av ei bachelor-utdanning.

Stordata (Big data) er på full fart inn i samfunnet og vil i framtida gi ny og viktig innsikt på mange område som t.d. næringsliv, politikk og helse. Det handlar om store mengder data som kan nyttast til å seie noko om kva som truleg vil skje i framtida. Ei stor utfordring med å dra full nytte av dei mulighetene som ligg i stordata, er mangel på kompetente personar til å analysere dei store datamengdene. Vestlandsforskning har bygd opp kompetanse på stordata sidan 2009, og vi er med i nasjonale og internasjonale forskarnettverk. I 2015 har vi hatt aktivitet på å forsterke forskingsgruppa på Big Data, samt etablere EU-prosjekt med internasjonale partnarar. Dette arbeidet vil fortsetje i 2016.

Eit anna tema for framtida er Bitcoin og blokk-kjede-teknologi der Vestlandsforskning har vore mykje brukt foredragshaldar om emnet i året som gjekk. Det har og vore arbeidd med å etablere eit FoU-prosjekt på Bitcoin og reiseliv. Utgangspunktet er transaksjonskostnader knytt til betaling i reiselivet, og utviklingstrendar som kan vera viktige for det eksportretta reiselivet vårt. I 2015 har vi og hatt FoU-aktivitet på koding (programmering) i skulen. Dette er eit tema som vi vil halde fram med.

Det har i 2015 vore stor aktivitet på det internasjonale forskingsprosjektet EmerGent, finansiert av EU sitt 7. rammeprogram for FoU. Dette er eit samarbeid mellom partnarar frå Tyskland, Italia, Luxemburg og Storbritannia, og studerer sosiale mediar si rolle i krisesituasjonar. Vestlandsforskning arrangerte prosjektmøte i Balestrand hausten 2015, med over 20 internasjonale deltakarar frå 8 land.

### **Internt arbeid**

Det vart utført 20,1 forskarårsverk, 23,1 årsverk totalt, ved instituttet i 2015. Det er 25% kvinner i fagstillingane, medan kvinner utgjer 35% av medarbeidarane totalt. Det vert lagt til rette for fleksibel arbeidstid, høve til redusert stilling og fleksibilitet i arbeidet med heimekontorløyising. Vestlandsforskning har i 2015 hatt eit sjukefråvær på under 4%. Instituttet arbeider for eit godt arbeidsmiljø og for å førebygge sjukefråvær gjennom HMS-arbeid, internseminar og bedriftsidrettslag. Vi skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane har rom for utvikling av seg sjølve og kollegiet til beste for instituttet.

I 2015 er det prioritert ressursar til nettverksbygging med mål om FoU-opppdrag. Det er vidare prioritert ressursar til publisering, arbeid med nye nettsider og markering av 30-års jubileum i form av seminar.

Det har vore arbeidd med ny strategi for 2016 – 2020.

Det vart arrangert studietur til Italia for dei tilsette i samband med 30-årsjubiléet.

I 2015 har vi prioritert ressursar til intern kompetanseoverføring og introduksjonsprogram for nytilsette. Vi har og prioritert intern evaluering av søknader, med positiv effekt.

### **Styrets arbeid**

Det vart oppnemnd nytt styre og ny styreleiar for Vestlandsforskning i 2015. Det har vore gjennomført 5 styremøte i 2015. Styret har prioritert arbeidet med ny strategi.

### **Avsluttande kommentar**

Styret er godt nøgd med den faglege aktiviteten ved instituttet i 2015. Det er god måloppnåing i høve relevans og publisering, men det er utfordringar knytt til instituttets storleik. Styret meiner det er viktig å rekruttere nye forskarar for å auke talet på forskarårsverk i tida som kjem.

Vidare er styret godt nøgd med drifta ved Vestlandsforskning, og at eigenkapitalen har auka med 1,7 mill. kr. i 2015. Trass i framleis stramme økonomiske vilkår i forskingsmarknaden, har instituttet også i 2015 oppnådd eit positivt økonomisk resultat. Instituttsektoren opplever auka konkurranse både frå UH-sektoren, som har fått auka krav til oppdragsfinansiert forskning, og frå ein konsulentbransje som også konkurrerer om FoU-opppdrag.

I 2015 har det vore endringar i strukturen i UH- og instituttsektoren der ein har sett fleire fusjonar. Fleire fusjonsprosessar er starta opp. Det er viktig å følgje med på dei pågåande endringane i struktur i både UH- og instituttsektoren, og ha tett dialog med Høgskulen i Sogn og Fjordane i denne saka. Vi ser at det er viktig for

## Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

---

Sogn og Fjordane å ha ein sterk og fagleg god høgskule med attraktive studieplassar både for studentar og arbeidsliv. Det er viktig for Vestlandsforskning at det er eit godt fagleg kompetansemiljø i Sogn og Fjordane, og å ha eit tett samarbeid med høgskulen om forskingsaktivitetar også i framtida.

Instituttet har ei rekke FoU-samarbeidspartnarar og eit stort nettverk. Styret meiner at samarbeid og arbeidsdeling med andre FoU-miljø vert viktig framover. Vidare meiner styret at det er viktig å fortsatt prioritere den internasjonale aktiviteten i form av samarbeid med sterke internasjonale fagmiljø og deltaking i internasjonalt finansierte prosjekt, både EU-finansierte og andre. Dette har vore ei av styrkene til instituttet i fleire år.

Styret meiner det er viktig å investere i fagleg utvikling i instituttet. Nøktern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev handlingsrom for faglege satsingar og er avgjerande for ei positiv utvikling av instituttet. Langsiktig og målretta fagleg satsing på samfunnsaktuelle tema, kombinert med god dialog med lokale, regionale og nasjonale oppdragsgjevarar, gjer at styret meiner dei strategiske måla har vore realistiske.

Styret meiner det er viktig å halde fram det gode arbeidet med å gjere instituttet meir synleg både for andre fagmiljø, styresmakter og samfunnet elles ved å formidle frå forskinga vår og kva vi kan tilby av kompetanse.

Styret meiner Vestlandsforskning er framtidsretta og godt budd på å møte nye utfordringar på ein god måte.

# Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

## REKNESKAP 2015

| Noter | RESULTATREKNESKAP                    | 2015                     | 2014                     |
|-------|--------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
| 6     | DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER    | 22 889 092               | 22 816 982               |
|       | <b>Sum driftsinntekter</b>           | <b><u>22 889 092</u></b> | <b><u>22 816 982</u></b> |
|       | Prosjektkostnader                    | 3 459 946                | 4 367 342                |
| 1     | Lønnskostnader                       | 15 372 245               | 15 247 315               |
| 5     | Ordinær avskrivning                  | 78 000                   | 68 637                   |
| 1     | Andre driftskostnader                | <u>3 342 851</u>         | <u>2 700 971</u>         |
|       | Sum driftskostnader                  | <u>22 253 041</u>        | <u>22 384 265</u>        |
|       | <b>Driftsresultat</b>                | <b><u>636 052</u></b>    | <b><u>432 717</u></b>    |
|       | FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER    |                          |                          |
|       | Resultat av finansposter             | <u>223 632</u>           | <u>228 264</u>           |
|       | <b>RESULTAT FØR SKATT</b>            | <b><u>859 683</u></b>    | <b><u>660 981</u></b>    |
| 7     | Skattekostnad på ordinært resultat   | 0                        | -102 299                 |
|       | <b>Årsresultat</b>                   | <b><u>859 683</u></b>    | <b><u>558 682</u></b>    |
|       | <b>Overføringer</b>                  |                          |                          |
|       | Avsatt til annen egenkapital         | <u>859 683</u>           | <u>558 682</u>           |
|       | <b>Sum overføringer</b>              | <b><u>859 683</u></b>    | <b><u>558 682</u></b>    |
|       | BALANSE                              |                          |                          |
|       | EIGENDELER                           |                          |                          |
|       | <b>Anleggsmidler</b>                 |                          |                          |
| 5     | Driftsløsøre, inventar, verktøy m.m. | <u>103 000</u>           | <u>181 000</u>           |
| 4     | Investering i aksjer                 | <u>18 700</u>            | <u>18 700</u>            |
|       | <b>Sum anleggsmidler</b>             | <b><u>121 700</u></b>    | <b><u>199 700</u></b>    |
|       | <b>Omløpsmidlar</b>                  |                          |                          |
| 2     | Prosjekt under arbeid                | 4 403 075                | 3 730 263                |
| 2     | <b>Sum fordringar</b>                | <b><u>4 408 233</u></b>  | <b><u>5 944 756</u></b>  |
| 2     | Bankinnskudd, kontanter ol.          | 11 686 843               | 10 372 228               |
|       | <b>Sum omløpsmidler</b>              | <b><u>20 498 151</u></b> | <b><u>20 047 247</u></b> |
|       | <b>Sum eiendeler</b>                 | <b><u>20 619 851</u></b> | <b><u>20 246 947</u></b> |
|       | GJELD OG EIGENKAPITAL                |                          |                          |
|       | <b>Eigenkapital</b>                  |                          |                          |
|       | Grunnfond                            | 4 000 000                | 4 000 000                |
|       | Annan egenkapital                    | <u>7 828 972</u>         | <u>6 116 630</u>         |
| 3     | <b>Sum egenkapital</b>               | <b><u>11 828 972</u></b> | <b><u>10 116 630</u></b> |

# Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

## Gjeld

|   |                                  |                          |                          |
|---|----------------------------------|--------------------------|--------------------------|
|   | <b>Kortsiktig gjeld</b>          |                          |                          |
|   | Leverandørgjeld                  | 368 969                  | 1 339 778                |
| 7 | Betalbar skatt                   | 0                        | 102 299                  |
|   | Skyldige offentlige avgifter     | 1 414 973                | 1 853 013                |
|   | Forskudd frå kunder              | 5 578 207                | 5 378 454                |
|   | Anna kortsiktig gjeld            | 1 428 729                | 1 456 773                |
|   | <b>Sum gjeld</b>                 | <b><u>8 790 879</u></b>  | <b><u>10 130 317</u></b> |
|   | <b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b> | <b><u>20 619 851</u></b> | <b><u>20 246 947</u></b> |

## Note 1 Lønskostnader

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lova.

| <b>Lønskostnader</b> | <b>2015</b>       | <b>2014</b>       |
|----------------------|-------------------|-------------------|
| Lønn                 | 12 341 577        | 11 478 600        |
| Arbeidsgivaravgift   | 1 477 411         | 1 507 506         |
| Andre ytelser        | 1 553 257         | 2 261 209         |
| Sum                  | <u>15 372 245</u> | <u>15 247 315</u> |

Tal årsverk 22,0 22,0

## Ytingar til leiande personar

|                            |                |               |
|----------------------------|----------------|---------------|
| Løn direktør               | 948 573        | 839 087       |
| Styrehonorar               | 107 000        | 88 000        |
| Honorar for revisjon       | 50 000         | 48 000        |
| Honorar for andre tenester | 78 431         | 34 400        |
| Sum honorar til revisor    | <u>128 432</u> | <u>82 400</u> |

## Note 2 Omløpsmidlar

Kundefordringar er vurdert til pålydande med avsetning for framtidig tap på kr 32 800,-. Andre fordringar er i rekneskapen vurdert til pålydande.

Prosjekt under utføring er vurdert til direkte kostnader pluss påløpt honorar inklusive fortjeneste. Det er tatt omsyn til eventuelle tap på prosjekta. Forskot frå kundar er vurdert til innbetalt forskot med frådrag for påløpne prosjektkostnader. Påløpne prosjektkostnader er vurdert på same måte som prosjekt under utføring.

Av selskapet sine bankinnskot pr. 31.12.2015, utgjer bundne skattetrekksmidlar kr 662 191,-

## Note 3 Eigenkapital

|                                      | <b>2015</b>       | <b>2014</b>       |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Eigenkapital pr. 1.1                 | 10 116 630        | 9 557 948         |
| Korrigerings i samband med skattesak | 852 659           | -                 |
| Årets resultat                       | 859 683           | 558 682           |
| Eigenkapital pr. 31.12.              | <u>11 828 972</u> | <u>10 116 630</u> |

## Note 4 Aksjar, investeringar

|                   |               |
|-------------------|---------------|
|                   | Bokført verdi |
| Framtidsfylket AS | <u>18 700</u> |

## Årsmelding 2015 - Vestlandsforskning

### Note 5 Driftsmidler

|                           | Maskiner og<br>Inventar | Sum     |
|---------------------------|-------------------------|---------|
| Anskaffelseskost 01.01    | 619 373                 | 619 373 |
| Tilgang i året            | -                       | -       |
| Avgang i året             | -                       | -       |
| Anskaffelseskost 31.12    | 619 373                 | 619 373 |
| Akkumulerte avskrivninger | 516 373                 | 516 373 |
| Bokført verdi pr. 31.12.  | 103 000                 | 103 000 |
| Årets avskrivninger       | 78 000                  | 78 000  |
| Avskrivningsprosent       | 20%                     |         |

### Note 6 Driftsinntekter

| Spesifikasjon av driftsinntekter          | 2014              | 2013              |
|---|-------------------|-------------------|
| Grunnløyvingar, Norges forskningsråd      | 3 918 000         | 3 860 000         |
| Grunnløyvingar, Sogn og Fj. Fylkeskommune | 870 247           | 729 753           |
| Eksterne prosjektinntekter                | <u>18 100 845</u> | <u>18 227 229</u> |
